



Solveig Haavik og Gerd Damm Knudsen gjorde Gamleskolen til kosmetikk-butikk i nokre timar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gamleskolen kan nyttast og har vore nytta til så mangt. Måndag kveld vart han for nokre timar omskapt til kosmetikk-butikk.

Og det var ikkje kven som helst, men eit såkalla multinasjonalt selskap - med svenske røter - som rykka inn.

Namnet er Oriflame, som såg dagens ljøs allereie i 1967 då brødrane Jonas og Robert af Jocknick starta det heime hjå mora si!

Dette fortalde regionalsjef for Hordaland og Sogn og Fjordane Gerd Damm Knudsen og gruppesjef Solveig Haavik til uskedalen.no medan dei gjorde klart for kveldens party med presentasjon av produkt, kaffiservering og utlodning.

Det er gjennom slike samkomer og via internett produkta til konsernet blir spreidd rundt i 62 land. Oriflame har eigne fabrikkar i Irland, India og Polen og har vore 40 år i Noreg. Konsernet sel kosmetikk for heile kroppen, frå føtter til hår, for både menn og kvinner og for alle aldre, vart det opplyst i skrytebrosjyrane.

Solveig, som opprinneleg er frå Guddal men no bur i Fusa, kunne opplysa at Oriflame har 50-60 medlemmar i Kvinnherad og rundt 10 av dei er i Uskedalen.

Sjølv er ho ansatt i ein bernehage og har Oriflame-engasjementet som ein spanande og interessant hobby.

- Ein stor fordel i Oriflame er at ein kan levere attende produkta hvis dei ikkje slår an, sa dei to og understreka særleg ei ny satsing - på helse og velvære. Oriflame har starta eit eige forskningscenter for denne sektoren - i Sverige.

Av Ola Matti Mathisen